

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 23/2006

Møtedato: 19.5.06

Arkiv nr: F 167

Reguleringsplan for S10 – offentlig ettersyn

Det er lagt fram reguleringsplan som omfattar to alternativ. Alternativ 2 er i samsvar med kommunedelplan og legg opp til utbygging av varme senger samt flytting av F472 til område H1. Alternativ 1 er eit utvida planforslag som ikkje er i samsvar med kommunedelplan. Her blir det foreslege nye serviceområde; A1, A2 og A3. I A3 er det frå før eit eksisterande feste (F245). Områda A1, A2 og H1 føresett kryssing av nedfartsløypa for skiheisen. Det er også foreslege å forlenge skiheisen ned mot Panoramavegen og opp mot toppen av eksisterande skiheis.

Teknisk avdeling opplyser at skiheisen er teke med i alternativ 1 fordi ein ynskjer å knytte utbyggingsrekkefølge til planen for å sikre at skiheisen blir bygd ut. I planen er det berre teikna inn forlenging av heisen og det er ikkje skissert nedfartstrase.

Tilsendt plankart var av så dårleg kvalitet at ein måtte be om ny utgåve der detaljar om veg, hytter, skiheis m.m. var teikna inn. Fjellstyret får inntrykk av planen er dårleg planlagt, både med kartframstilling og arealutnytting. Kommunen bør stille større krav til plan frå utbyggar før plan blir teke opp til behandling. Etter PBL kan administrasjon returnere mangelfulle planar til forslagstillar for supplering. Det er spesielt viktig at saker til offentlig ettersyn har ein lett forståeleg form.

Det er eit halvt år sidan kommunedelplan for Vaset vart vedteken. Diskusjon om serviceområde vart grundig vurdert i denne prosessen. Etter ny kommunedelplan er det i dag ikkje mangel på serviceområde og ein kan ikkje sjå det er nødvendig å utvide arealet før dei nye områda i det heile er starta på.

Fjellstyret har registert at det er ynskje om å nytte fleire serviceområda på Vaset til hyttebygging. Skal serviceområda brukast opp til hytter, kan det likevel bli mangel på utbyggingsareal på Vaset. Kommunen bør vurdere om dette er rett prioritering og om det vil bli areal til serviceformål som butikkar, servering m.m. I området ved skiheisen er kanskje dette ikkje aktuell problemstilling. Det bør likevel vurderast ei tettare utnytting ved for eksempel utbygging av leilegheiter i staden for hytter.

Det er uheldig å leggja opp til nye kryssingar av skiløypene til H1, A1 og A2. Ved forlenging av skiheis ned mot Panoramavegen blir det kryssing av heis og nedfartsløype. Slike kryssingar er eit faremoment. Feste 472 kan leggest i hyttefeltet ovanfor, men slik at ein kan kople seg mot eksisterande sumarvegnett. Serviceområde A1 og A2 er også uaktuelle. Det er alt no relativt tett med hytter mellom nedfartsløypene. Det må derfor vera lite aktuelt å fortette mellom skiheisane slik det er gjort sør for skiheisen.

Heisetraseen er forselege forlenga i begge ender. Det går ikkje fram av planen om nedfartstrase er tenkt forlenga ned mot Panoramavegen. Det er likevel ein naturleg konsekvens av forlenging av heisen. Nytt startpunkt med nedfartstrase ved Panoramavegen vil krevja areal som vil gå tett inntil eksisterande hytter. Nytteverdien av ei slik kort forlenging står ikkje i høve til dei ulempene nærliggande hytter får. Det er eit fullgodt alternativ å stoppe skiheisen slik det er i gjeldande reguleringsplan.

I fleire år har det vore klager på korleis det ser ut i det området Vaset skiheiser har. Både kommunen og Statskog bør ta ansvar for at dette problemet blir løyst. Det må også sikrast rutinar for framtida. Det bør ikkje tildelast nytt areal til Vaset skiheiser før dette er i orden.

Vedtak:

Fjellstyret har følgjande merknader til planen:

S10: Området er etter fjellstyret sitt syn dårleg planlagt og hus er tilfeldig plassert. Det er også konflikt mellom vegløyning og skiløype ved leilegheitene. Fjellstyret meiner at S 10 bør vurderast med ei tettare utbygging, f.eks. ved leilegheiter.

H1: Flytting av F472 bør ikkje skje til H1. Dette legg opp til ny kryssing av nedfarten for skiheisen og etablering av slike farepunkt må ein unngå. Fjellstyret vil tilråda at festet blir flytta til ein annan del av eksisterande hyttefelt der det er vegløyning frå før. Fjellstyret vil alt no signalisere at ein ikkje ynskjer å gjennomføre ei omfattande fortetting mellom nedfartsløypene.

A1, A2 og A3: Det er etter fjellstyret sitt syn ikkje nødvendig å omregulere til nye serviceområde før dei nyleg godkjent serviceområda er teke i bruk. A1 og A2 føresett også kryssing av veggen og kan heller

ikkje tilråda dette pga faresituasjonen. Vidare utnytting av A3 kan ikkje fjellstyret tilråda då dette blir til for stor ulempe for hyttefestet i feltet.

Fjellstyret har ingen merknader til forlenging av skiheistraseen mot heistoppen. Framlegget om forlenging av heisen ned mot Panoramavegen finn ikkje fjellstyret å kunne tilråda pga omsynet til hyttene i nærleiken og at det vil føre med seg faresituasjon ved kryssing av skiheis og nedfartsløype.

Fjellstyret meiner det er rett å knytte utbyggingsrekkefølge til reguleringsplanen. Dette må kunne krevjast sjølv om berre S 10 blir godkjent.

Det må sikrast rutinar for å halde eksisterande og eventuelt nye areal til Vaset skiheiser ryddig. Sikre rutinar for dette må vera i orden før nytt areal kan tildelast.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 07.06.06

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Statskog